



Arkivnr: 2019/418-1

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune****Bakgrunn for saka:**

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slik vedtak i sak PS 115/18 i møte 17.12.2018:

«Kontrollutvalet ber om at sekretariatet legg fram sak om m.a. tal medlemmer i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, kor mange av dei som skal sitte i fylkestinget, spørsmål rundt budsjett og reglement for kontrollutvalet til møte 11.02.2019.»

Vedtaket vert delt opp i to saker ved at det som gjeld budsjett vert lagt fram i anna sak til dette møtet.

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune har komme til at desse sakene også må leggjast fram for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**Status når det gjeld reglement for kontrollutvala pr. i dag:****Sogn og Fjordane fylkeskommune:**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok reglement for kontrollutvalet i møte 08.12.2015. Reglementet ligg ved som vedlegg 1.

**Hordaland fylkeskommune:**

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har ikke utarbeidd eige reglement. I delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/politikk/retningslinjer-pdf/delegasjonsreglement-for-hfk-pr-desember-2016.pdf> går det likevel fram dette:

**«Reglement for kontrollutvalet**

*Som reglement for kontrollutvalet gjeld forskrift fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 med heimel i lov av 25. september 1992 nr.107 om kommunar og fylkeskommunar.*

## 1. Samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemer med varamedlemer valde av fylkestinget. 3 medlemer med varamedlemer bør veljast blant fylkestinget sine medlemer og varamedlemer, 2 medlemer med varamedlemer bør veljast utanom fylkestinget sine medlemer og varamedlemer. Leiari og nestleiari bør veljast blant fylkestinget sine medlemer. Leiaren skal veljast blant medlemer fra opposisjonspartia. Minst eit av utvalet sine medlemmer skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer, jfr. kommunelova § 77.

## 2. Saksbehandling

For kontrollutvalet gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.»

Av dette reglementet går det også fram «Reglement for saksbehandling» som gjeld alle politiske utval.

Fellesnemnda handsama i møte 19.12.2018 sak PS 58/18 «Prosess for fastsettning av reglement for folkevalde organ». Saka ligg ved som vedlegg 2. Denne saka skildrar korleis prosjektleiar har tenkt seg at prosessen skal vera fram til forslag til reglement er ferdig utarbeidd og klar til handsaming i fellesnemnda 23.05.2019 og vedtak i konstituerande fylkesting i oktober 2019.

Kontrollsjefen har i samtale med prosjektleiar/fylkesrådmann 02.01.2019 kome til at beste løysing er at kontrollutvala fremjar komplett forslag til reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

### **Drøfting:**

I dette møtet er tanken at kontrollutvala skal starte opp ein prosess som til slutt skal ende opp med å leggje fram eit forslag til reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

I denne prosessen kan desse momenta vera aktuelle å drøfte:

- Tal kontrollutvalsmedlemmar, auke frå 5 til 7?
- Tal medlemmar som skal ha sete i fylkestinget? Skal fleirtalet ha sete i fylkestinget?
- Skal leiari/nestleiari vera blant desse?
- Skal fleirtalet i utvalet vera frå posisjon eller opposisjon?
- Skal utvalsleiari vera frå opposisjon?
- Skal varamedlemmar velgjast i rekkefølge?
- Skal 1. vara møte fast i møtene?
- Skal det takast omsyn til representativitet i fylkestinget ved val av medlemmar og varamedlemmar til kontrollutvalet?
- Skal det takast omsyn til geografi ved val av medlemmar og varamedlemmar til kontrollutvalet?
- Skal møta i kontrollutvalet kunne gjennomførast som videokonferanse, telefonmøte eller liknande?
- Andre forhold

Vi veit at den nye kommunelova regulerer nokre av desse punkta og det må i forslag til reglement sjølv sagt takast omsyn til det.

### **Konklusjon:**

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune inviterer kontrollutvala til å drøfte saka i møtet. Vidare vert det tilrådd at kontrollsjefen på bakgrunn av det som kjem fram i møtet får i oppdrag å legga fram forslag til reglement for kontrollutvalet til møte som skal haldast 01.04.2019. Dette betinger at prosjektorganisasjonen for ny fylkeskommune er klar med dei moment som bør/skal inn i alle reglement, som fylkesutval, hovudutval mv.

**Forslag til vedtak**

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune vert på bakgrunn av det som kjem fram i møtet beden om å leggje fram forslag til reglement for kontrollutvalet til møte som skal haldast 01.04.2019, eventuelt i møte 06.05.2019.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg

- 1 Reglement for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 2 Prosess for fastsettjing av reglement for folkevalde organ